

Grunngiving for tildeling av teiknspråkprisen 2022

Juryen for Språkrådets teiknspråkpris 2022 har bestemt at prisen i år skal delast på to likeverdige kandidatar. To sterke kandidatar som gjennom eit langt liv har bidratt til å fremma, bevare og utvikla norsk teiknspråk. To nestorar som på kvar sin kant har jobba for å synleggjera og heva kunnskapen om norsk teiknspråk og for å styrka tilgangen til norsk teiknspråk for teiknspråkbrukarane. Dei to som får prisen, er dedikerte fagpersonar som har brukt mykje tid på å utvikla faga sine, på å utvikla norsk teiknspråk og på å utvikla teiknspråkmateriell. I dag er dei begge kloke, aktive pensjonistar som ikkje kviler på laurbæra sine, og dei er begge framleis aktive bidragsytarar i teiknspråkmiljøet både nasjonalt og globalt.

Språkrådets teiknspråkpris for 2022 går til Odd-Inge Schrøder og Olle Eriksen.

Odd-Inge Schrøder

Odd-Inge Schrøder har vore eit forbilde for mange døve og høyrsllehemma teiknspråklege. Han kjempa tidleg for eksistensen av norsk teiknspråk i samband med at Teiknspråkutvalet i Noregs døveforbund prøvde å fornorska norsk teiknspråk gjennom å utvikla ein ny «standard» for teiknspråk med såkalla «logiske, vakre og meiningsberande teikn». Som språkvitarar veit vi at språk ikkje er logiske, og kva som er vakkert i eit språk, kjem jo an på eigne subjektive vurderingar. Alle språk er meiningsberande uansett forma på teikna dei blir uttrykte ved. Det må ha vore tøft til tider å stå ganske åleine i ein kamp der til og med språkbrukarane sin eigen organisasjon lei av språkskam og oppvurderte det norske talespråket.

Som ung student var Odd-Inge Schrøder ein av svært få døve som tok høgare utdanning ved eit universitet, og det gjorde han utan tilgang til teiknspråktolk. Han tok hovudfag i norsk, og har dermed opna dører og vist veg for døve som har ønskt å ta høgare utdanning. Som teiknspråklærer og seinare førsteamanuensis ved Oslomet, den tidlegare Høgskolen i Oslo og Akershus og Universitetet i Oslo, Institutt for spesialpedagogikk, har han vore med på å oppretta, utvikla og gjennomføra undervisning i norsk teiknspråk på grunnfags- og mellomfagnivå for teiknspråklege studentar. Nokon av desse tok òg masteren sin i språk, retning teiknspråk, i samarbeid med Institutt for nordiske og lingvistiske studium. Dette var banebrytande for utviklinga av norsk teiknspråk som opplæringspråk på universitetsnivå, og

det bidrog mellom anna til at det vart utvikla lingvistisk terminologi i norsk teiknspråk som enno er i bruk. Dermed har Odd-Inge òg drive terminologiutvikling. Dette arbeidet har han òg framleis i Språkrådet si terminologigruppe, som vart starta opp i 2013.

I tillegg har Odd-Inge skrive og gitt ut fleire bøker, artiklar og hefte om norsk teiknspråk. Han har òg utvikla faget døves historie med fleire publiseringar, mellom anna om Oslo døveforenings historie og om korleis døve levde på 1800–1900-talet. Han har òg bidratt med manus og manusarbeid ved Teater Manu. Odd-Inge har, med dei tallause bidraga sine og med forskinga si, vore med på å gi eit godt tilskot av dokumentasjon til døvehistoria og norsk teiknspråk. Han har òg vore engasjert i arbeid for Døvekyrkja, mellom anna med omsetjing av Lukasevangeliet og andre bibeltekstar til norsk teiknspråk. Han sit for tida i styringsgruppa for gudstenestereforma i Døvekyrkja.

Gjennom eit langt liv har Odd-Inge Schrøder utrøyttelig jobba med folkeopplysning om norsk teiknspråk og med språket si forankring i døves kultur og historie på mange ulike arenaer, både for høyrande og døve i døveforeiningar og på ulike arrangement i døvesamfunnet. Odd-Inge har bygd opp ein verdifull arv som vil bli ført vidare til dei neste generasjonane.

Olle Eriksen

Med stor interesse for norsk teiknspråk og med ein unik teknisk kompetanse byrja Olle Eriksen arbeidet med å utvikla ei digital teiknordbok, kalla «Glosebok for døve», allereie tidleg på 1980-talet. I 1995 gjekk han inn i stillinga som avdelingsleiar ved Møller kompetansesenter i Trondheim. Bestillinga var å bygga opp ei utviklingsavdeling som skulle utvikla og produsera digitale læremiddel og læringsressursar i og på norsk teiknspråk.

Olle bygde opp eit utviklingsmiljø som vart banebrytande, også i internasjonal samanheng. Han var ein føregangsmann når det gjaldt å tilsetja døve medarbeidarar, og for at den teiknspråklege formidlinga skulle bli best mogleg, bygde han opp ei avdeling med utviklarar, pedagogar og andre fagpersonar med teiknspråk som førstespråk. I utviklingsavdelinga var norsk teiknspråk arbeidsspråket i det daglege. Han dreiv med andre ord tidleg med språkpolitikk på mikronivå og styrkte norsk teiknspråk innanfor Statped. Som leiar viste han tidleg at han hadde forventningar til at nyttilsette høyrande skulle læra norsk teiknspråk for å kunna delta i det teiknspråklege arbeidsfellesskapet. For å oppnå dette utvikla og gjennomførte han språkpolitiske verkemiddel som fungerte. Dette viser at det er mogleg å ha

teiknspråk som arbeidsspråk mellom døve og høyrande andrespråksbrukarar, og det bidrog òg til auka språkstolheit hos teiknspråklege, særleg i Statped.

Utviklingsavdelinga som Olle leidde, har motteke fleire internasjonale prisar for produkta sine. Olle har òg leidd fleire store EU-prosjekt, som Signs2Go og Signs2Cross. Gjennom ein lang og dedikert karriere på Trondheim offentlige skole for døve, Møller kompetansesenter og Statped har Olle vore den viktigaste pådrivaren for utvikling av ei teiknordbok, teiknspråkmateriell og læringsressursar på norsk teiknspråk. Den unike kompetansen hans og evna til å sjå moglegheitene i ny teknologi har ført til at det er eit høgt nivå på teiknspråklege læringsressursar i Noreg. Olle Eriksen har bygd opp eit solid fagmiljø som betyr mykje for teiknspråklege elevar og for teiknspråkopplæringa, og eit fagmiljø som lever vidare hos Statped, i avdeling læremiddel – teiknspråk.